



### Vi held i dag fram med eit uhøgtideleg oversyn over det som hende foran og bak kulissane

#### Hesjane og turhøyet

Ved nedrigging var høyet på hesjane turt og klart for innkøyring. Men ingen ville ha det. Grunnen skal vera at det var for dårleg kvalitet med for mykje høymåla og ugras. Ugrasfrøet kjem att i møka og dermed er det gjort. Det er som å skita i eige reir.

#### Fullmånen i Skaret

Seint fredag kveld var det ein trolsk stemning på festivalområde. Fullmånen stod i Skaret og trugande skyer kom inn frå vest. Månen gjekk over Geitadalstind når myrke fall på og det klårna.

#### Ignorerte vaktene

Det var ingen inngang frå Auto 88 og Halsabrotet byggefelt. Trass vakter og god skilting ignorerte eit fylgje forbodet og let seg ikkje stoppa. Rett skal vera rett: Dei hadde billetter og armband. Meir morosamt var det med han som rota seg ut i graset på Dønhaug på veg mot Revhaug. Når vakta ropa på han og bad han koma attende, tok han fram mobilen, sette på lyset og vinka som om ha sa: Ha, ha - berre kom. Du rekk ikkje meg. Han langa til skogs, på veg over fjellet mot Omvikedalen for å nå heim til stiinga kl. 06.00

#### Bosplukkaren

Ikkej alle vaktene fekk med seg at dei hadde ein tilleggsjobb med å plukka bos, særleg plastglas før dei vert traspa og trakka ned i molda. Det var eit markert unnatak. Jan Tore Johnsen gjekk utan stopp og plukka store mengder bos, 8 - 10 timar i strekk kvar dag. Festidalsens ros går med dette til Jan Tore Johnsen.

#### HA journalisten i støvlar

Journalist Harald Martel Bersaas frå Haugesund Avis gjekk nonstop i støvlar på festivalområde, snakka med gjestene og tok ei mengde med bilete til nettsida. Resualtat: Ei dobbelside i måndagsavisa med vakre bilete og god omtale

#### Vertskapsrollen

Vertane hadde klar instruks om å ivareta vertskapsrollen med ei venleg og servicennstillt framferd. Festidalen lukkast med denne oppgåva. Alle var godt nøgde, takka for kvelden og lova å koma att om eit år. Moro var det likevel når ein gjest ute på jordet bad om eit glas vatn. Ho vart tilvist til ein av barane, men nei: Ho ville at verten skulle henta eit glasvatn. Artig var det og når ei gruppe frå Haugland bad om skyss heim. Bussane burde køyra på dalen, meinte dei.

#### Rørslege vakter

Det var noko hektisk og kaotisk for vaksjef Jostein Grov ei stund på laurdagen. For å hindra uro tilkalla han Stig Berge Soldal og Eilif Myklebust jr. Det verka dempane berre dei synte sitt nærvær.

**Festivalen og KOM HEIM**

Festivalen er og blir ei stor KOM HEIM-mønstring. Besteforeldra passar ungar og lagar mat. Ungdomen og utflytte kvinnheringar går på festival og møter klassevener og dei ein er på facebook med.

**Festivalen - ein regional festival**

Festivalen er ingen bygdefestival, heller ikkje kommunal, men regional. Visste du at områdeleiaren heiter Yngve Kannelønning og kjem frå Stord. Han har vore med frå dag ein og har ansvaret for all rigging, lys, boder, gjerde m.m. Når vi veit at mange frivillige kjem frå ulike bygder og at festivalen samlar gjester frå heile Vestlandet, kan vi trygt sei at dette er ein interkommunal festival.

Av Kristian Olav Bringedal

